

---

Vår ref: Roger Andre Fylling

---

Vår dato: 08.07.2020

---

Til

elevar på Vg1, Vg2, Vg3 og deira føresette.

### **Velkomen som elev ved Ørsta vidaregåande skule.**

Det er ei stor glede å få ønskje deg velkomen til eit nytt skuleår og til vidaregåande opplæring ved Ørsta vidaregåande skule. Vi legg til rette for at du skal få eit godt skuleår med fokus på likeverd, omsorg og respekt for medelevar og tilsette.

#### **Oppmøte:**

Skuleåret startar **måndag 17. august 2020**, i Ørstahallen.

Som smittevernstiltak i høve korona-pandemien, så er oppmøtetidspunkta slik:

**Vg1** møter **kl. 09:00**.

**Vg2** og **Vg3** møter **kl.10:00**.

Kart over plasseringa av Ørstahallen, finn du på baksida av brevet.

Dagen vil innehalde møte med kontaktlærar, medelevar og informasjon. Ta med deg skrivesaker.

**Elevhandboka** som blir delt ut ved skulestart, inneheld mykje viktig informasjon som du og dine føresette må lese. Der finn du bl.a. skulen sitt ordensreglement, kriterium for vurdering/karaktersetting og mange praktiske opplysningar.

**PC** – Du har fått ein SMS med lenke til val mellom bestilling av pc eller ikkje. Viss du ikkje har svart på denne, kan du gå inn på denne <https://skolestart.mrfylke.no/#/>. Dersom du har valt å kjøpe berbar PC sjølv, må denne vere klar til skulestart.

**Forbruksmateriell** brukt til å lage noko til deg sjølv, blir fakturert i november og april.

**Har du rett til skuleskyss?** Sjå meir og søk her:

<https://mrfylke.no/utdanning-og-karriere/opplaering-i-skole/skoleskyss/skoleskyss-i-vgs>

Merk - har du skysskort frå før, så skal dette brukast vidare med ny aktivering etter søknad.


På skulen si heimeside [www.orsta.vgs.no](http://www.orsta.vgs.no) , vil du finne meir nyttig informasjon.

Lukke til med lærerike yrkesfagutdannings år ved Ørsta vidaregåande skule!

«der **meistring** skjer gjennom **aktivitet** og **utforsking**»

Med venleg helsing

Roger A. Fylling



Time	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.	Kl. 08.10-08.55	Kl. 08.10-08.55	Kl. 08.10-08.55	Kl. 08.10-08.55	Kl. 08.10-08.55
	10 min. pause				
2.	Kl. 09.05-09.50	Kl. 09.05-09.50	Kl. 09.05-09.50	Kl. 09.05-09.50	Kl. 09.05-09.50
	10 min. pause				
3.- 4.	Kl. 10.00-11.30	Kl. 10.00-11.30	Kl. 10.00-11.30	Kl. 10.00-11.30	Kl. 10.00-11.30
	Matpause 30 min.				
5.- 6.	Kl. 12.00-13.30	Kl. 12.00-13.30	Kl. 12.00-13.30	Kl. 12.00-13.30	Kl. 12.00-13.30
	10 min. pause				
7.	Kl. 13.40-14.25		Kl. 13.40-14.25		Kl. 13.40-14.25
8.	Kl. 14.25-15.10		Kl. 14.25-15.10		